



Roald Jordalen er svært godt nøgd med villsauen frå Uskedalen. (Foto: Pernille Mengshoel, Bondebladet)

Roar Jordalen i Nærøyfjorden fortel til Bondebladet at han førebels har 15 vinterfora villsau. Til hausten skal han kjøpa 10-12 nye. Dei 15 har han kjøpt av Olav Hjetland Bringedal i Uskedalen og han skal også kjøpa den neste flokken av han..



Olav Hjetland Bringedal gjer det godt med villsauen sin. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Målet er å koma opp i 100, men det er ikke nok til å beita ned heile dalen.

- Då måtte eg sikkert hatt 2000, seier han.

Det er først og framst dyrka mark han vil redde frå attgroing. Eit av bruka har til dømes ein bjørkehage, som han ikke vilk la gå tapt.

Til hausten får Jordalen auka tilskott for å ha sau på beite. Nærøyfjorden kom på UNESCO sin verdsarvliste i 2004 og saueprodusentane der vart oppmoda om å halda beitedyr. Tilskota auker lønsemda i produksjonen, men det var ikke avgjerande for at Jordalen starta opp med sau. Det ville han gjort uansett. Han var ferdig på jordbruksskolen for fem år sidan og har hatt lyst til å starta med sau ei stund.

Jordalen skal setja opp eit enkelt hus og har ein formidabel jobb med gjerding foran seg. I år skal han setja opp 1.200 meter gjerder. På sikt er planen hans å beita 70 dekar.

Jordalen har kjøpt dyra av Hjetland Bringedal fordi han kjenner uskedelingen og er sikker på kva han får. Dei har gått på landbruksskolen saman på Voss. Til no er Nærøyfjord-bonden svært fornøgd. Han har ikkje hatt lammingsproblem og kjøtet har god kvalitet. Sjølv om det blir mindre kjøt på kvart dyr, er kvaliteten betre og gir betre kilopris. Villsauen gjer også ein god beitejobb.

Dei beitar betre enn han hadde trudd. Beitemønsteret liknar geit, men er ikkje like hissig, Dei er selektive og vel det som er bra. Roald er nøye med å følge opp dyra. Han setter seg ned med dei fem minuttar kvar dag. Då sparar han vekevis med arbeid om hausten. Flokken held seg samla og knytter seg til han.

- Det gjev trivsel for bonden. Når dyra kjem frivillig bort til meg, veit eg at eg har gjort noko rett, seier Roald.

-Eg har vore heldig med salet av livdyr, men no har eg ikkje fleire å avse. Eg har til no sagt nei til seks førespurnader, fortel Olav Hjetland Bringedal til uskedalen.no.

No har han 80 dyr gåande i Eikedalen, fortel den unge og driftige sauebonden..

Av Ola Matti Mathisen